

## Innspel til Planforum – Stryn – 7. mai 2014

Stryn kommune er i gong med utarbeiding av kommunedelplan for Langeset – Stryn - Storesunde. Planprogram har vore på høyring og er fastset av kommunestyret. Viktige tema i planarbeidet er mellom anna nytt næringsareal, gang- og sykkelveggar og utforming av Stryn sentrum. I samband med oppstart av planen kom det inn ein del innspel som no er under vurdering. Kommunen ønskjer å drøfte nokre problemstillingar i planforum før planframlegget blir utarbeidd.

### Næringsareal

Stryn har potensial til å kunne utvikle seg til eit større regionsentrum i indre Nordfjord, mellom anna i kraft av å vere eit trafikalt knutepunkt nord – sør og aust-vest og ein kommune med ein variert og nyskapande industri. Tilrettelegging for etablering av nye og utviding av eksisterande verksemder er avgjerande for utvikling av næringslivet i heile kommunen, men også tilrettelegging for tenestebaserte næringar. Etter opninga av Kvivsvegen og Eiksundsambandet er Stryn blitt eit viktigare trafikalt knutepunkt i regionen. Dersom E39 blir lagt etter indre linje vil dette bli ytterlegare forsterka.

Innan for planområdet er Industrien i hovudsak etablert på tre område:

- Tonningsleirane/ Vikaleirane vest for Stryn sentrum
- Visnes på sørsida av Strynebukta
- I Stryn Miljø- og næringspark på Langeset vest for Stryn sentrum.

I tillegg er det under opparbeiding eit nytt næringsareal på Rise aust for Stryn sentrum som er avsett i gjeldande kommunedelplan.

Kommuneplanen må opne for nye næringsareal for ulike typar næringar. Det er behov både for meir sentrumsnært areal som kan tilfredstille behov for visuell profilering (tenesteytande næring) og for areal til produksjonsindustri. I tilknytning til Stryn miljø- og næringspark er det rom for utviding mot vest, sør og eventuelt mot aust. Den Trondhjemske postvei vil i utgangspunktet vere avgrensande mot vest, elles er det lite konflikt med andre tema i dette området. Dersom E39 blir lagt etter indre trase, vil det også kunne vere aktuelt å etablere næringsareal i Markane.

På Vikaleirane er det ynskje frå etablerte verksemder om å ta i bruk meir areal, areal som i dag er del av gjenverande våtmarksområde. Verksemder som Nomek AS, Septik 24, Miljøservice, Fluorlux m.fl. held til. Her har vi problemstillingar både på kort og noko lenger sikt;

Bedrifta Nomek har stort potensiale for auka omsetning og fleire tilsette, men må ha større bygningsmasse for å realisere aktuelle kontrakter. Industriarealet på Vikaleirane ligg for lågt over havflata i høve dagens krav, og er flaumutsett ved stormflo.

Moglege løysingar kan omfatte fylling i sjøareal som i gjeldande reguleringsplan er regulert til friområde i sjø/elv. Vikabukta har også eit rikt biologisk mangfald, i tillegg til kulturlandskap knytt til landbruk. Vi vil her berøre fagområda til fylkesmannen si miljøvernavdeling, NVE (i høve sikringstiltak mot stormflo) og fylkeskommunen.

### Til drøfting

Tilgang til sentrumsnært næringsareal til sørvis- og forretningsføremål vil kunne bli avgrensande for vidare utvikling. Vikaleirane har eit utvidingspotensiale med utfylling av resterande område. Elles vil

ekspansjonsmulegheitene vere austover, på kort sikt vil tilgrensande landbruksareal vest for etablert Rise næringsområde kunne vere aktuelt å nytte. På Langeset vil det vere viktig å avklare eventuelle omsynssoner til Den Trondhjemske Postvei.

### **Sentrumsutforming og utvikling av eit attraktivt sentrum**

Attraktive sentrum er viktig for busetting og næringsutvikling. Tradisjonell næringsutvikling vil ikkje kunne virke åleine utan saman med tiltak for å gjere det attraktivt å bu: skape bulyst. Difor vil vi i planen ha stort fokus på til tak som kan vere med å auke attraktiviteten til Stryn sentrum.

Arealet i Stryn sentrum er avgrensa, difor vil ei høgare grad av utnytting, både i tettleik og i byggjehøgde vere aktuelt. I tillegg vil vi sjå på sentrumsutforming, spesielt området rundt Per Bolstad plass, Petterneset og miljøgata. Vi ser også på utviding av grønne område i sentrum med utviding av gangstiar langs elva. I Stryn sentrum er det ikkje avsett parkområde. I gjeldande plan er det to mindre grøntområde nord for miljøgata ( i området rundt kulturhuset). Vi vurderer å avsetje arealet aust for sentrum, mellom Rv 15 og elva til parkområde. På området lengst aust er det gjort historiske utgravingar, og deler av området er verna etter lov om kulturminne. Arealet er avsett til LNF og omfattar automatisk freda kulturminne. Vi vil her berøre fagområda til fylkesmannen, fylkeskommunen og NVE.

#### *Til drøfting*

Tiltak langs elva som etablering av gangsti der dette ikkje er etablert. Bruke LNF- område med kulturminne til grøntområde - friområde/park.

### **Samferdsle**

Miljøgata gjennom Stryn sentrum vart etablert i 1995, og har fungert bra med lågare fart og prioritering av mjuke trafikantar. Det vart gjennomført ein TS- inspeksjon i oktober 2013, og det er utarbeidd ei prioritert liste for gjennomføring av mindre tiltak i og rundt miljøgata. Større tiltak må innlemmast i NTP.

I gjeldande kommunedelplan er det lagt inn ein kommunal avlastningsveg mellom noverande miljøgate og elva. Deler av traseen vil kome i konflikt med elva (verna vassdrag), fiskeinteresser/fugleliv. Traseen grensar inn til Walhalla- området og går gjennom eit område der det er interesser for ulike alternativ bruk. Difor er avlastingsvegen omdiskutert.

#### *Til drøfting*

Vurdering av traseen med omsyn til muleg konflikt mellom kulturminne, verna vassdrag og fiskeinteresser.